



Els og Piet slappar godt av i Uskedalen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Hollendarane set sitt sterke preg på strømmen av turistar som går langs Vestlandsfjordane no om dagen. Dei likar seg i Noreg, både fordi dei tykkjer nordmennene er greie folk og fordi dei finn naturen vår fantastisk. Den er så ulik deira eigen som vel mogeleg.

Nokre hollendarar kjem også sjøvegen og mellom dei er Els og Piet Dijkema, som bur i Middelburg på øya Zeeland tett på grensa til Belgia.

Lørdag føremiddag var båten deira, som heiter Cher, å finna trygt forankra ved den nye bølgebrytaren i båthamna.

Svaret kom straks da uskedalen.no ville veta kva for stader dei tykkjer er dei finaste i Noreg: - Eivindvik, Norheimsund og Uskedalen!

Hos oss har dei vore to gonger før. Ellers har dei vore innom utruleg mange byar og tettstader på Sørlandet og Vestlandet og dei har også segla mykje i Danmark og Sverige. Denne sommaren varar seglturen deira rundt i Noreg i tre og ein halv månad.

- Eg er nybakt pensjonist og nyt tilveret, seier Piet.

Han og kona set ikkje minst pris på freden og roen dei finn i Noreg. Men det er eit unnatak.

- Vi var i Bergen her om dagen og der var det overfylt av turistar og altfor mykje støy, tykkjer paret frå trangbodeNederland.

Dei har også hatt seg ein tur oppover i Englafjell, men ikkje heilt til topps. Det vart for strevsomt.

Ellers er dei imponert over den solide, nye bølgebrytaren i båthamna og blir overraska då vi fortel at den gamle vart brote sund av storstormen sist vinter.

Av Ola Matti Mathisen



Båten Cher frå Wemeldinge i Nederland er trygt forankra inntil den nye bølgebrytaren. (Foto: Ola Matti Mathisen)